


# pp Pårørande frå andre land krev ei anna tilnærming

Helsevesenet møter i dag pårørande frå heile verda. Ikkje alle tenkjer likt om kva som er det gode liv, god helse og sjukdom. Kulturforskjellar og språkbarrierar kan i tillegg skapa ekstra skurr på linja mellom helsetilsette, pasient og pårørande.



Det seier Ursula Småland Goth. Ho skal snakka om pårørandearbeid i eit fleirkulturelt perspektiv under Pårørendekonferansen 2018 i Sandnes i haust.

Goth jobbar i dag som professor ved VID vitenskapelige høgskole og ved NLA Høgskolen.

## **Ulik sjukdomsoppleving**

For å kunna hjelpa pasientar og pårørande med innvandrarbakgrunn må me vera medvitne på korleis sjukdom og plager blir oppfatta og snakka om. Eller ikkje snakka om. Demens og depresjon er døme på sjukdommar ikkje alle kan snakka ope om.

– Vi veit i dag at eldre innvandrarar med demens ofte kjem seint i kontakt

med hjelpeapparatet. Då bør hjelpa vera tilpassa den enkelte sitt språk og tradisjonar. Manglande forståing mellom helsetilsette og pasient vil kunna auka presset på pårørande, innvender Ursula Småland Goth.



***Når til dømes ein somalisk pasient fortel at han er besett av ånder, vil den norske legen vurdere å leggja vedkomande inn på psykiatrisk sjukehus.***

– Ursula Småland Goth

### **Legen forstår ikkje**

Goth fortel at ein frå tidlegare studiar veit at mange pasientar og pårørande med minoritetsspråkleg bakgrunn føler at norske legar ikkje har forståing for deira sykdomsoppleving. Det er særskilt forteljingar om «mentale smerter» som blir opplevde annleis.

– Når til dømes ein somalisk pasient fortel at han er besett av ånder, vil den norske legen vurdere å leggja vedkomande inn på psykiatrisk sjukehus. Fordi fleire innvandrapasientar ikkje føler seg forstått av legen i Norge, reiser fleire av desse til fødelandet sitt for å få helsehjelp, fortel Ursula Småland Goth.

### **Oppofrande pårørande**

Pårørande til innvandrapasientar strekker seg ofte veldig langt for å hjelpa, kanskje meir enn det er vanleg i norsk samanheng.

Den yngre generasjon innvandrarar har likevel ikkje eit ubegrensa omsorgspotensial. Barn av innvandrarar som kom på 70- og 80-talet er i dag integrerte i Norge. Omsorgsbehov tærer difor på kreftene når pårørande er yrkesaktive og i tillegg har forpliktingar overfor eigen familie, påpeiker Goth.

– Det auka pårørandeansvaret blir ofte aksla av innvandrankvinner. Men det

er vanskeleg å seie noko absolutt om dei fleirkulturelle pårørande, sidan dei ulike innvandrargruppene har ei rekke ulike forventningar, omsorgsformer og ulik praksis, seier ho.

### **Vegrar seg**

Fleire pasientar og pårørande med innvandrarbakgrunn vegrar seg mot å nytta offentlege tenester. Mange opplever tilboda om hjelp som lite tilrettelagte og i strid med eigne tradisjonar.

– Slik får pårørande ofte eit ekstra press på seg til å ta vare på pasienten sine interesse, seier Goth.



Tekst:

**Heidi Hjorteland Wigestrånd**

Journalist